

Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 05.02.2021

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slikt forslag:

Vestland ungdomsutval vil svare på spørsmåla Sander Eide Aase har i brevet «Skyss lyttar ikkje!». VU vil sende desse svara til Sander med eit ynskje om å vere med på eit innspel til Skyss med dei andre ungdomsråda i fylkeskommunen som òg ynskjer dette.

Har de hatt problem med kollektivtransport i dykkar kommune? Ja. Ein kan ikkje bruke skulekortet på ekspressbussar i Sunnfjord. Det er lite fritidsaktivitetar i Eidfjord kommune, og mange unge drar difor til Voss for å delta på fritidsaktivitetar. Dette er vanskeleg fordi det er få avgangar tilbake til Eidfjord på kvelden og på dårlege tidspunkt. På Askøy og Alver har me venta på bussar som aldri kom grunna mangel på informasjon om drift.

Har de ting de vil ta opp med Skyss? Dei kan bli betre på å få ut informasjon fort nok, sende ut driftsmeldingar fortare og ikkje berre i Skyss sine appar. Moglegeins ta i bruk andre plattformer, t.d. Twitter og Facebook. Få skulekortet inn i appen, eventuelt bruke skule.id og QR-kode for å registrere det Fleire bussar i rushtida, spesielt no i covid-tider og i områder med skuler.

Har de prøvd å kontakta Skyss/Kringom? Korleis gjekk det? Fekk litt nyttig informasjon, men ikkje heilt svar på det me lurte på.»

Avrøysting

Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval kjem med følgjande uttale:

Vestland ungdomsutval vil svare på spørsmåla Sander Eide Aase har i brevet «Skyss lyttar ikkje!». VU vil sende desse svara til Sander med eit ynskje om å vere med på eit innspel til Skyss med dei andre ungdomsråda i fylkeskommunen som òg ynskjer dette.

Har de hatt problem med kollektivtransport i dykkar kommune? Ja. Ein kan ikkje bruke skulekortet på ekspressbussar i Sunnfjord. Det er lite fritidsaktivitetar i Eidfjord kommune, og mange unge drar difor til Voss for å delta på fritidsaktivitetar. Dette er vanskeleg fordi det er få avgangar tilbake til Eidfjord på kvelden og på dårlege tidspunkt. På Askøy og Alver har me venta på bussar som aldri kom grunna mangel på informasjon om drift.

Har de ting de vil ta opp med Skyss? Dei kan bli betre på å få ut informasjon fort nok, sende ut driftsmeldingar fortare og ikkje berre i Skyss sine appar. Moglegeins ta i bruk andre plattformer, t.d. Twitter og Facebook. Få skulekortet inn i appen, eventuelt bruke skule.id og QR-kode for å registrere det Fleire bussar i rushtida, spesielt no i covid-tider og i områder med skuler.

Har de prøvd å kontakta Skyss/Kringom? Korleis gjekk det? Fekk litt nyttig informasjon, men ikkje heilt svar på det me lurte på